

Møtereferat

Dato: 29.12.2016

Emne:	Referat prosjektgruppe "Ny budsjettmodell" 16.12.2016	
Til stades:	Lars Berntsen, Sissel Øverdal, Svein Leidulf Heggheim, Nils Egil Vetlesand, Cathrine Øvredal Mellingen, Rune Stadsnes og Marit Virkesdal	
Forfall:	Birthe Andersen Haugen og Hillevi E Runshaug	Sak: 2016/33942-2
Møtetid:	16.12.16 kl 11-12	Møtestad:Møterom 932

Møteleiar:**Referent: Cathrine/Marit**

1.	Gjennomgang av utkast til interessentanalyse Gjennomgang av dei ulike interessentane. Eventuelle innspel til endringar vert sendt til Marit pr epost.
2	Prosjektplan Gjennomgang av utkast til prosjektplan. Revidert versjon vert sendt ut før neste møte.
3	Avklaringar Konkluderte med at vg3 i skule ikkje skal vere ein del av modellen. Prosjektgruppa syns det er ok med berre 3 år med grunnlagsdatadata, om 5 år blir for mykje. Utfordrande å finne ein modell som alle opplever som rettferdig. Innspel om at viss modellen inneber store endringar, bør modellen gjelde først frå hausten 2018. Presisering av at ramma til Opplæring ikkje vert endra ved ny modell, berre fordelinga mellom skulane. Spes.ped: store økonomiske utfordringar knytt til dei elevane som treng ekstra oppfølging i klassen. Modellen bør ta utgangspunkt i tanken om system heller enn berre individ (er det meir tenleg å dele ein klasse i to grupper i nokre fag framfor at nokre enketelevar vert tatt ut av klassen for undervisning aleine/i små grupper. Det er utfordringar knytt til rekneskapsføringar av spes.ped. Svein H ynskjer tilbakemelding om korleis spes.ped-gruppa ser det som tenleg å budsjettere spes.ped. Må vurdere om ein skal tildele spes.ped-midlar etter søknad, inntakspoeng og liknande. Programfag: Bør ha ein norm for kva som er minimum tal på programfag og kva som skal til for å ha fleire programfag enn minimum. Skular med berre ein parallell bør kanskje få særskilt tildeling og ikkje vere ein del av modellen, men ein kan sjå på om ein kan ta utgangspunkt i eit minimum

	<p>(3 realfag og 3 språk/samfunnsfag?).</p> <p>Tillitsvalde ynskjer at det vert formidla til politisk nivå at skulane må få rammer som gjer det mogleg å drive god undervisning.</p> <p>Det vert gjennomført møter med administrativ leiing rett over nyttår. Møter med politisk nivå vil først skje når me har klare forslag til prisnipp for fordeling, for å sjekk om dei ser på dei som rettferdige og i tråd med bestillinga.</p>
4	<p>Fond og oppdragsverksemd</p> <p>Svein avklarar med fylkesrådmannen om fond og oppdragsverksemd skal med i denne saka.</p>